

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 05.02.2018

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Merete Larsen, presenterte resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen innan forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet ønskjer å gjera slike endringar i vedtaket:

- I punkt 1 vert ordet «tydeleg» skifta ut med «meir eintydig».
- I punkt 5 b vert ordet «kan» skifta ut med «skal kunne»
- I punkt 5 e vert det føyd til, «m.a. korleis indirekte kostnader skal bereknast, slik som t.d. straum, reinhald, husleie»

Kontrollutvalet ønskjer at Deloitte får 15 minuttar til å presentere denne forvaltningsrevisjonsrapporten for fylkestinget, i tingsete 6.-7.3.18.

Med desse endringane i punkt 1, 5 b og 5 e vart slik innstilling samrøystes vedteke.

Innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Etablere ein meir eintydig definisjon av oppdragsverksemd/forretningsdrift, irekna tydeleggjering av forholdet mellom skulane sine lovpålagte oppgåver og oppdragsverksemd, og sikrar at definisjonen blir gjort kjent på skulane.
2. Utarbeide ei overordna og felles retningsline knytt til forretningsdrift som slår fast prinsipp og forventingar til rektorane knytt til forretningsdrift ved skulane.
3. Sikre at rektorane sitt ansvar for økonomistyring i eiga eining går tydeleg fram av delegeringsreglement og/eller andre relevante styringsdokument.
4. Etablere, og halde ved like, ei oversikt over forretningsdrifta ved dei ulike skulane.
5. Utarbeide, og/eller revidere eksisterande retningsliner og rutinar som skal sikre tilstrekkeleg internkontroll knytt til forretningsdrift, irekna:
 - a) korleis forretningsdrift skal bli budsjettert
 - b) kva oppdrag skulane skal kunne utføre og korleis utvalsprosessen bør bli dokumentert
 - c) første fase av oppdragsfakturering som skulen er ansvarleg for
 - d) riktig fordeling av kostnader knytt til oppfølging av mva
 - e) eit rekneskapsmessig skilje mellom skuledrift og forretningsdrift som sikrar at det ikkje skjer kryss-subsidiering, m.a. korleis indirekte kostnader skal bereknast, slik som t.d. straum, reinhald, husleie
 - f) rutinar for prissetting og kva prissettingsprinsipp som skal bli lagt til grunn av skulane.
6. Gjennomgå praksisen knytt til forretningsdrift/oppdragsverksemd ved skulane, og vurdere om det er behov for ytterlegare tiltak for å sikre at kryss-subsidiering og ulovleg offentleg støtte ikkje førekjem.
7. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.05.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.